



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 23.04.2014
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982,

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jens Harald Abotnes
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 10/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 11/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 12/14	Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune 2013. Uttale frå kontrollutvalet		2014/231
PS 13/14	Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 Samnanger kommune		2014/228
PS 14/14	Revidert plan for selskapskontroll 2012 - 2016 Samnanger kommune		2014/229
PS 15/14	Årsmelding for kontrollutvalet for 2013		2014/236
PS 16/14	Meldingar		
RS 6/14	Praktisering av habilitet - rutinar		2014/366
RS 7/14	Oppfølging selskapskontroll BRB		2014/227
RS 8/14	Rekneskap KUV-budsjett og revisjon pr. 10.04.14		2014/230
PS 17/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 18/14	Eventuelt		

PS 10/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 11/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/231-1
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	12/14	23.04.2014

Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune 2013. Uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje uttale om årsregnskapet:

"Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget."

Det er ikkje krav om at kontrollutvalet handsamar årsmeldinga, men denne skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Øvrig saksgang kan kommunen sjølv velja, gjerne at det går fram av eit kommunalt reglement. Mange kommunar praktiserar at det er formannskapet som innstiller overfor kommunestyret også når det gjeld årsmeldinga, sjølv om det ikkje er eit formalitetskrav om at formannskapet handsamar dette dokumentet.

Om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) står det i §10 følgjande i "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning":

"§ 10 Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret. Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og

fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars.

Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett. Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.”

Drøfting:

Deloitte har gjennom revisjonsmelding dagsett 09.04.14, og revisjonsrapport for 2014, med same dato, gjeve sin uttale om den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune.

Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr 137.880.456 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0.

Det er gjeve slik konklusjon i revisjonsmeldinga:

- «årsrekneskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Samnanger kommune per 31. desember 2013, og av resultatet i regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.»

Det er å merka til revisjonsmeldinga at den er utforma på bokmål, medan Samnanger kommune nyttar nynorsk som målføre. I revisjonsrapporten som føreligg er det nytta nynorsk målføre.

Revisor har og lagt fram revisjonsrapport. Rapporten er merka som nr. 4 og beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Tilrådingane gjeld m.a. dei områda som går fram av desse punkta i rapporten:

Vedr. revisjonen av årsoppgjeret:

- 3.1 Investeringar – Her er det snakk om ein aksjepost som kommunen eig, men det er meldt om at det er vedteke å selja desse aksjane.
- 3.2 Reiserekningar – Her er det peika på nokre forhold som bør rettast opp, og det er gjort tilråding om at kommunen må gjennomgå rutinane knytt til reiserekningar.
- 3.3 Kundefordringar – Det er fleire eldre postar, som revisor peikar på burde vore gjennomgått og vurdert. Revisor aksepterer manglande avsetning til tap då dei eldre postane ikkje utgjør eit vesentleg beløp.

Andre tilhøve:

- 4.1 Intern kontroll og rutinar - Det er peika på mangelfulle skriftlege rutinar. Revisor rår til at kommunen prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar.
- 4.2 Sjølvkostrekneskap - Revisor tilrår at kommunen frå 2014 utarbeidar ein eigen plan slik at det kjem tydelegare fram kva som skal brukast av sjølvkostfonda.

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet i sin uttale til rekneskapen ber om at Samnanger kommune prioriterar å setja fokus på desse forbetningsområda.

Når kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, er det fleire forhold utvalet kan velja å sjå på. Døme på slike forhold er:


- Om det er manglar ved den interne kontrollen.
- Korleis rekneskap og årsmelding vert lagt fram og presentert.
- Om det er funne manglar ved avstemmingar av lønnsrekneskapen mot kommunerekneskapen.
- Likviditet (særleg peika på ev. svekka likviditet).
- Utviklinga i utgifter sett opp mot inntekter.
- Øvrig økonomisk utvikling, eks. lånegjeld osv.
- Viktige forhold som ikkje er omtala i rådmannen si årsmelding (i tilstrekkelig grad).
- Realisme i budsjett (eks. store endringar mellom opphavleg budsjett og justert budsjett).

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen m.a. innarbeider følgjande forhold i sin uttale:

- rekneskapsmessig resultat
- netto driftsresultat
- talmateriale frå revisjonsmeldinga
- tilrådingar i revisjonsrapport nr. 4 frå Deloitte
- internkontroll, etikk og likestilling
- innhald i årsmeldinga

Av rekneskapen for 2013 har sekretariatet merka seg eit positivt netto driftsresultat på kr 3.201.228. Netto driftsresultat vert omrekna i netto resultatgrad 1,64 %, sett opp mot sum driftsinntekter.

Heile kommunesektoren hadde i følgje opplysningar frå SSB pr. 17.03.14 til samanlikning netto resultatgrad på 2,3 prosent i 2013. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Vi ser at Samnanger kommune ligg under både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU. Grafen under viser korleis netto driftsresultat har utvikla seg frå 2006 t.o.m. 2013.



Netto resultatgrad viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien. Eit negativt resultat gjev tilsvarande ein svekka handlefridom.

Rådmannen skriv også m.a. slik i si årsmelding:

«2013 var eit krevjande år på mange måtar. Kommunestyret sitt fokus på barnevernet gjorde at administrasjonen måtte prioritera annleis enn planlagt. Fleire kompliserte problemstillingar måtte løysast. Det var tidkrevjande arbeid for mange i sentraladministrasjonen då mange av spørsmåla var vanskeleg å få svar på. Mange opplevde arbeidsmiljøet som utfordrande og fleire vart sjukmeld. Det igjen gjorde at oppgåver vart lagt til sides eller ikkje gjennomført på den måten som ein hadde planlagt. Leiarutvikling, arbeid med beredskap, tverrfagleg samarbeid om barn og unge, utvikling av styringssystem og internkontroll var alle oppgåver som måtte prioriterast ned.»

Det vert i årsmeldinga peika på at kommunen kom kortare enn planlagt på fleire store utbyggingsoppgåver i 2013. Det er fleire grunnar til dette, både kapasitet, tilgjengelege ressursar, økonomi og krav om nye utgreiingar. Men det vert trekt fram at det er gledeleg at tilbygget på barneskulen kunne takast i bruk ved skulestart.

Når det gjeld rekneskapsresultatet skriv rådmann i årsmeldinga:

«Me legg fram ein rekneskap i underskot. Rådmann har mest fokus på aukande driftsutgifter, då me er heilt avhengig av å få desse redusert skal me få gjennomført dei planlagde investeringane. Me er og i den situasjonen at me har brukt investeringsmoms til å finansiera drifta med, noko som aldri har skjedd før og som i utgangspunktet for rådmann er heilt uakseptabelt. Men det er i tråd med regelverket knytt til avslutning av rekneskapen. I løpet av året vart det gitt tilleggsøyving til m.a. kjøp av konsulentar, og disposisjonsfondet måtte nyttast. Kommunen sitt forbruk i 2013 har gjort at dei fleste reservane er brukt opp.»

Rekneskapen viser i utgangspunktet eit meirforbruk på kr 1,3 mill. Det er gjort strykningar i samsvar med § 9 i forskrift om årsrekneskap, og er gjennomført slik:

- Overføring av investeringsmoms til investeringsrekneskap er stroke 1,1 mill.kr
- Vedteke avsetjing til disposisjonsfond er stroke 0,2 mill.kr

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

I revisjonsmeldinga uttalar revisor "at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge."

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder: "I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt

for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.”

I den framlagde årsmeldinga bør ein merka seg at desse tilhøve er skildra:

- Likestilling
- Sjukefråvær
- HMT
- Etikk

Under *”Kommentarar til dei einskilde tenesteområda,”* er det gjort greie for kva kommunen legg i omgrepet *”ha god kvalitet på tenestene og gi god sørvis og rask sakshandsaming.”* Det er skildra korleis kommunen handlar og legg til rette for å *”ha god økonomistyring og bruka målretta styring.”* Det er positivt at dette arbeidet vert skildra og synleggjort i årsmeldinga til kommunen.

Konklusjon:

Kontrollutvalet merkar seg dei utdrag som er trekt fram frå den framlagde rekneskapen og årsmeldinga for 2013. Med dette som bakgrunn sender utvalet sin uttale til kommunestyret.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er for øvrig to sjølvstendige dokument som følgjer saka vidare om personal- og økonomiutvalet til kommunestyret.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2013.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uttale til rekneskap og årsmelding for 2013 frå kontrollutvalet
- Revisjonsberetning frå Deloitte, datert 09.04.14
- Revisjonsrapport 2013 (nr.4) frå Deloitte, detert 09.04.14
- Årsrekneskap 2013 Samnanger kommune (vert sendt i eige vedlegg)
- Årsmelding 2013 Samnanger kommune (vert sendt i eige vedlegg)



Samnanger kommune v/ kommunestyret

Uttale til rekneskap og årsmelding for 2013 – Samnanger kommune.

Kontrollutvalet har i møte 23.04.2014, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore det avlagte årsrekneskap, revisjonsmelding datert 09.04.14, revisjonsrapport nr. 4, datert 09.04.14, og rådmannen si årsmelding. I tillegg var ansvarleg revisor og representantar for administrasjonen tilstades på utvalsmøtet, for å supplera kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Av rekneskapen for 2013 har kontrollutvalet merka seg eit positivt netto driftsresultat på kr 3.201.228. Netto driftsresultat vert omrekna i netto resultatgrad 1,64 % , sett opp mot sum driftsinntekter.

Heile kommunesektoren hadde i følgje opplysningar frå SSB pr. 17.03.14 til samanlikning netto resultatgrad på 2,3 prosent i 2013. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Vi ser at Samnanger kommune ligg under både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU.

Netto resultatgrad viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.

Rådmannen skriv også m.a. slik i si årsmelding:

«2013 var eit krevjande år på mange måtar. Kommunestyret sitt fokus på barnevernet gjorde at administrasjonen måtte prioritera annleis enn planlagt. Fleire kompliserte problemstillingar måtte løysast. Det var tidkrevjande arbeid for mange i sentraladministrasjonen då mange av spørsmåla var vanskeleg å få svar på. Mange opplevde arbeidsmiljøet som utfordrande og fleire vart sjukmeld. Det igjen gjorde at oppgåver vart lagt til sides eller ikkje gjennomført på den måten som ein hadde planlagt. Leiarutvikling, arbeid med beredskap, tverrfagleg samarbeid om barn og unge, utvikling av styringssystem og internkontroll var alle oppgåver som måtte prioriterast ned.»

Det vert i årsmeldinga peika på at kommunen kom kortare enn planlagt på fleire store utbyggingsoppgåver i 2013. Det er fleire grunnar til dette, både kapasitet, tilgjengelege ressursar, økonomi og krav om nye utgreiingar. Men det vert trekt fram at det er gledeleg at tilbygget på barneskulen kunne takast i bruk ved skulestart.

Når det gjeld rekneskapsresultatet skriv rådmann i årsmeldinga:

«Me legg fram ein rekneskap i underskot. Rådmann har mest fokus på aukande driftsutgifter, då me er heilt avhengig av å få desse redusert skal me få gjennomført dei planlagde investeringane. Me er og i den situasjonen at me har brukt investeringsmoms til å finansiera drifta med, noko som aldri har skjedd før og som i utgangspunktet for rådmann er heilt uakseptabelt. Men det er i tråd med regelverket knytt til avslutning av rekneskapen. I løpet av året vart det gitt tilleggsøyving til m.a. kjøp av konsulentar, og disposisjonsfondet måtte nyttast. Kommunen sitt forbruk i 2013 har gjort at dei fleste reservane er brukt opp.»

Rekneskapen viser i utgangspunktet eit meirforbruk på kr 1,3 mill. Det er gjort strykningar i samsvar med § 9 i forskrift om årsrekneskap, og er gjennomført slik:

- Overføring av investeringsmoms til investeringsrekneskap er stroke 1,1 mill.kr
- Vedteke avsetjing til disposisjonsfond er stroke 0,2 mill.kr

Kontrollutvalet har og merka seg revisor sine tilråding i Revisjonsrapport nr. 4. om investeringar, rutinar for reiserekningar og rådgjeving om avsetjing til tapskonto. Andre tilhøve i revisjonsrapporten som kontrollutvalet har merka seg er arbeid med intern kontroll og rutinar, og tilråding vedr. sjølvkostfond. Kontrollutvalet vil tilrå at Samnanger kommune prioriterar å setje fokus på desse forbetningsområda.

Ut over punkta nemnde over, og det som framgår av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sitt årsrekneskap for 2013. Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for kommunen er lagt fram på ein god måte.

Tysse 23.04.2014.

Jens Harald Abotnes
-Kontrollutvalsleiar-

Kari Nygard
-Utvalssekretær-

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

Til kommunestyret i Samnanger kommune

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Samnanger kommune som viser kr 137.880.456 til fordeling drift og et regnskapsmessig merforbruk på kr 0. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2013, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunens utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Samnanger kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings-skikk i Norge.

Bergen, 9. april 2014
Deloitte AS



Bjørn Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalget

Samnanger kommune
Att.: Rådmann Tone Ramsli
Tysse

5650 TYSSE

9. april 2014

Revisjonsrapport nr. 4
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2013

1 Innleining

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2013. Vi vil nytte høve til og gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og forhold vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar forhold som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få bekrefta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2013, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at egedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte forhold nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for vår revisjonsmelding.

3.1 Investeringar

Vi minner om forhold teke opp i vår rapport nr. 3 knytt til at kommunen har ei investering i Nordisk Areal Invest AS som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over forholdet og det er vedteke at aksjane skal seljast.

3.2 Reiserekningar

Forskrift til skattebetalingsloven §§ 5.6 og 5.9 stiller ein del krav til opplysningar ved reisegodtgjersle. Følgjande skal vera med:

- Arbeidstakar sitt namn, adresse og underskrift
- Dato og klokkeslett for avreise og heimkomst for kvar reise
- Formålet med reisa
- Kva arrangement arbeidstakaren har delteke på
- Framstilling av reiserute
- Tal på køyrde kilometer
- Namn på passasjer det kravs tillegg for
- Namn og type på overnattingsstad
- Oversikt over andre utlegg.
- Originale kvitteringar skal leggjast med.

Ved kontroll av eit tilfeldig utval av reiserekningar, blei det avdekka manglar knytt til signatur for godkjenning, samt formålet med reisa. Det har vore ei forbetring sidan 2012, men det er framleis manglar knytt til formelle krav. Vi tilrår kommunen å gjennomgå rutineane knytt til reiserekningar.

3.3 Kundefordringar

I kunderskontro ligg det fleire eldre postar. Kommunen må ha eit forhold til kva postar som ligg i reskontro og vurdere om postane er reelle eller om ein har tru på at ein vil klare å drive dei inn. Kommunen har ikkje sett av til tap i rekneskapen pr. 31.12.2013. Vi aksepterer manglande avsetning til tap då dei eldre postane ikkje utgjer eit vesentleg beløp.

4 Andre tilhøve

4.1 Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin intern kontroll er det avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Mangelfulle skriftlege rutinar gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Vi vil tilrår kommunen å prioritere arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2014.

4.2 Sjølvkostrekneskap

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Det føreligg ingen prognose for korleis fondet skal nyttast dei komande år. Sjølvkostfond skal bli nytta 3-5 år etter at det oppstod. Sjølvkostfonda er inkludert i kommunen sin økonomiplan, men det er ikkje sett opp ein eigen plan for bruk av fonda. Vi tilrår at kommunen frå 2014 utarbeidar ein eigen plan slik at det kjem tydelegare fram kva som skal brukast av sjølvkostfonda.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2014/228-5
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	13/14	23.04.2014

Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 Samnanger kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har vedteke å evaluera «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016», for å sikra at planen framleis speglar dei viktigaste risiko-områda i kommunen. Deloitte har, på vegne av kontrollutvalet, gjort ei undersøking for å avdekke eventuelle endringar i risikobiletet, samanlikna med det som var peika på då planen vart utarbeida i 2012. I undersøkinga er det henta inn informasjon som er samla inn gjennom dokumentanalyse, analyse av KOSTRA-tal, og intervju med rådmann og ordførar. Informasjonen som er samla inn er lagt fram for kontrollutvalet i eit notat i møte 11.03.14. I dette møtet vart det så gjennomført prosess med kontrollutvalet, der utvalet fekk drøfta og peika ut prosjekt i planen som bør omprioriterast, eller om det er nye prosjekt som bør koma inn i planen.

Etter prosessmøte vart det gjort slikt vedtak:

1. Deloitte redigerer Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggest fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 ligg nå føre, og vert lagt fram for kontrollutvalet for drøfting og godkjenning. Godkjent plan skal sendast til kommunestyret til orientering.

Forslag til vedtak

1. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert å senda kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 Samnanger kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
Revidert plan
Samnanger kommune

Mars 2014

Innhold

1.	Innleiing	3
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016 (revidert)	3
	■ Gruppe 1 – prioritert gruppe	4
	■ Gruppe 2 – uprioritert gruppe	4
3.	Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon	5
4.	Gjennomføring og rapportering	5

1. Innleiing

I følge kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnadar (forvaltningsrevisjon)¹. Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»²

I 2012 gjennomførte revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet ein overordna risiko- og vesentleganalyse av Samnanger kommune. Kontrollutvalet nytta analysen som grunnlag for utvalet sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. For å sikre at planen framleis speglar dei viktigaste risikoområda i kommunen, har kontrollutvalet gjennomført ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Det er henta inn og analysert ny informasjon gjennom dokumentanalyse, analyse av KOSTRA-tal, og intervju med utvalte administrative og politiske leiarar. På bakgrunn av den innsamla informasjonen har kontrollutvalet gjort ei ny prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016 (revidert)

Det er ikkje gjennomført nokre prosjekt etter av plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 blei vedteken.

Under følgjer prosjekta som er valt ut av kontrollutvalet i samband med rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i tråd med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einssilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalget

² Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

Gruppe 1 – prioritert gruppe

Prioritet	Prosjekt	Tema
1	Intern kontroll og organisering	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering og ansvarsdeling</i> - <i>System og rutinar knytt til intern kontroll</i> - <i>Kapasitet og ressursbruk</i> - <i>Etiske retningslinjer</i>
2 a	Plan- og bygg	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering</i> - <i>Regeletterleving</i> - <i>Ressursbruk</i> - <i>Plan, bygg og oppmåling</i> - <i>Detaljplanlegging og sal av tomter</i>
2 b	Personalforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Rekruttering</i> - <i>Kompetanseprofil</i> - <i>Bruk av vikarar</i> - <i>Sjukefråvær</i> - <i>Arbeidsmiljø</i>
3	Barnevern	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering</i> - <i>Tiltak og ressursbruk</i>
4	Prosjektstyring i byggjeprojekt	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering</i> - <i>Kompetanse</i> - <i>System og rutinar</i> - <i>Rapportering</i>

Gruppe 2 – uprioritert gruppe

Prosjekt	Tema
Samhandling og brukarmedverknad i pleie- og omsorgstenestene	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Individuell plan</i> - <i>Tverrfagleg rehabiliteringstilbod</i> - <i>Organisering</i> - <i>System og rutinar</i> - <i>Samhandling med NAV og spesialisthelsetenesta</i>
Legevakt	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering</i> - <i>Tilgjenge</i> - <i>Internkontroll</i>
Vedlikehald	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Organisering</i> - <i>Universell utforming</i> - <i>Regeletterleving</i>
Økonomistyring	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Budsjettering</i> - <i>Oppfølging</i> - <i>Rapportering</i>

3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapeleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Mogelege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

4. Gjennomføring og rapportering

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium³ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon blir lagt fram for kommunestyret. I tråd med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet utarbeide ein rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultata av desse. Kontrollutvalet oppfyller dette rapporteringskravet gjennom si årlege melding til kommunestyret om utvalet si verksemd. Det er også kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgde opp.

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einskilde prosjekta. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

³ Normer og standarder som forvaltningen blir vurdert i opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/229-4
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	14/14	23.04.2014

Revidert plan for selskapskontroll 2012 - 2016 Samnanger kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har vedteke å evaluera «Plan for selskapskontroll 2012 – 2016», for å sikra at det i planen framleis vert vist til dei dei mest vesentlege risiko-områda når det gjeld kommunen sin eigarskap. Deloitte har, på vegne av kontrollutvalet, gjennomført ei ny undersøking. Informasjonen som er samla inn er lagt fram for kontrollutvalet i eit notat i møte 11.03.14. I dette møtet vart det så gjennomført prosess med kontrollutvalet, der utvalet fekk drøfta og peika ut prosjekt i planen som bør omprioriterast, eller om det er nye prosjekt som bør koma inn i planen.

Etter prosessmøte vart det gjort slikt vedtak:

1. Deloitte redigerer Plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggest fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 ligg nå føre, og vert lagt fram for kontrollutvalet for drøfting og godkjenning. Godkjent plan skal sendast til kommunestyret til orientering.

Forslag til vedtak

1. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert å senda kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 Samnanger kommune

Plan for selskapskontroll 2012 – 2016
Revidert plan
Samnanger kommune

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Kommunen sin innsynsrett	3
1.2 Former for selskapskontroll	3
2. Oversikt over selskap.....	4
3. Selskapskontrollprosjekt 2012-2016 (revidert)	4
3.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge	5
4. Metode for gjennomføring av selskapskontroll og rapportering.....	5

1. Innleiing

I følge kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

”Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.”

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det;

”(..) minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert”.

I 2012 gjennomførte revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet ein overordna risiko- og vesentleganalyse av Samnanger kommune sine eigarskap. Kontrollutvalet nytta analysen som grunnlag for utvalet sin plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016. For å sikre at planen framleis speglar dei viktigaste risikoområda når det gjeld kommunen sine eigarskap, har kontrollutvalet gjennomført ei rullering av plan for selskapskontroll. Det er henta inn og analysert ny informasjon gjennom dokumentanalyse, og intervju med utvalte administrative og politiske leiarar. På bakgrunn av den innsamla informasjonen har kontrollutvalet gjort ei ny prioritering av selskapskontrollprosjekt.

1.1 Kommunen sin innsynsrett

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemdar som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

1.2 Former for selskapskontroll

Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa kommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

2. Oversikt over selskap

Under følgjer ei oversikt over selskap Samnanger kommune har eigarskap i.

Figur 1: Oversikt over kommunen sine eigarskap

SELSKAP	FØREMÅL ¹	EIGAR-DEL	INNANFOR § 80
Business Region Bergen AS	Drive regional næringsutvikling, etablerertjeneste, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.	2 %	Ja
Storeholmen VTA AS	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemmede.	9,09 %	Nei
Norheimsund Industrier AS	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma og mindre arbeidsføre personar.	4,57 %	Nei
BIR AS	Eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og handsaming av produksjons-, nærings- og farleg avfall.	0,88 %	Nei
Kommunekraft AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	Liten	Nei
Hardangervegen AS	Arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest mogleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier.	liten	Nei

3. Selskapskontrollprosjekt 2012-2016 (revidert)

Gjennomførte selskapskontrollprosjekt i perioden 2012-2014:

- Selskapskontroll av Business Region Bergen (2013)

Under følgjer prosjekta som er valt ut av kontrollutvalet i samband med rullering av plan for selskapskontroll.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

¹ Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

3.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge

Prioritet	Selskap / Prosjekt
1	Eigarstyring
2	Storeholmen VTA AS
3	Norheimsund industrier AS

4. Metode for gjennomføring av selskapskontroll og rapportering

Kontrollutvalet vil i kvart einiskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og resultatane av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 146
Arkivnr: 2014/236-1
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	15/14	23.04.2014

Årsmelding for kontrollutvalet for 2013

Bakgrunn for saka:

Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2013. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2012

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Årsmelding 2013 for kontrollutvalet i Samnanger kommune



ÅRSMELDING 2013

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet er slik samansett for valperioden 2011 – 2015:

Medlemmer:

Jens Harald Abotnes – leiar (Krf)

Hans Solberg – nestleiar (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Lena Tveit (Bygdelista)

Svein Verner Røseth (Frp)

Vararepresentant:

Brynjulv Hernes (Krf)

Torill Abotnes Moss (Krf)

Anne Tandstad (Sp)

Arne Jørgensen (Sp)

Nils Gåsdal (Ap)

Arne E. Holmefjord (Bygdelista)

Rita M. Taule (Bygdelista)

Morten Røen (Frp)

Arne Normann Tverlid (Frp)

Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Samnanger kommune har vedteke at det skal vera to representantar frå kommunestyret som går inn i kontrollutvalet. Jens Harald Abotnes og Svein Verner Røseth er kommunestyrerepresentantar.

3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2013**

- Kontrollutvalet hadde 5 ordinære møter og handsama 37 saker i 2013.
- Kontrollutvalet har opne møter.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre møter.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikke legges til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har behov for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har vore sekretær på tre møter. Roald Breistein har vore sekretær på to av møta i 2013.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Os og Fitjar. Sekretariatet er og sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

5 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass, først og fremst for kontrollutvala, men også for deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

Det vert skipa til årleg fagkonferanse, og i 2013 vart den arrangert på Gardermoen. På heimesida til FKT vert det mellom anna samla aktuell informasjon og døme på rapportar etter arbeid med selskapskontroll frå kommunane, og link til register av forvaltningsrevisjonsrapportar.

6 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Avtalen gjeld frå 01.07.2010 og gjeld fram til 30.06.2014. Det blei i 2013 gjort vedtak om å nytta opsjon, og dermed forlenga revisjonsavtalen med to år.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid. På grunnlag av revisor sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2013. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regleverket har lagt eigen vurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune, fram for kontrollutvalet. Unni Renate Moe hjå Deloitte har vore utøvande rekneskapsrevisor, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

7 **Opplæring**

Ingen frå kontrollutvalet i Samnanger kommune har delteke på kurs eller opplæring i kontroll- og tilsynsarbeid i 2013. Etter oppmoding frå kontrollutvalet heldt Deloitte kurs / orientering om forvaltningsrevisjonsarbeid til kommunestyret i deira møte 06.11.13.

8 **Kontrollutvalet på Samnanger kommune si heimeside og bruk av lese Brett på møter.**

Arbeid med å få på plass informasjon om kontrollutvalet på heimesida er nå kome på plass på ein god måte, og innkallingar og møteprotokollar frå møta er lett tilgjengeleg på heimesida.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet har teke i bruk lese Brett. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida frå kommunen si side.

9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

På bakgrunn av dette vart det i 2012 utarbeida og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016. Planen vart handsama og godkjent i kommunestyret 20.06.12.

10 **Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2013**

Kontrollutvalet planla sitt arbeid ut frå planen som var vedteke og vedtok å gjennomføra første prosjekt. Det vart tinga forvaltningsrevisjon innan «Kommuneadministrasjonen, med særleg fokus på internkontroll» i siste møte i 2012.

Føremålet med prosjektet skulle vera å undersøke organiseringa av den administrative organiseringa i Samnanger kommune, med eit særskilt fokus på korleis krav til internkontroll blir følgt opp. Prosjektplan for arbeidet vart lagt fram og godkjent av kontrollutvalet.

Prosjektet vart så vidt starta opp og Deloitte innhenta dokumentasjon og grunnlagsmateriale. Men så kom sak om barnevernsteneste opp og kontrollutvalet valgte å setja prosjektet på vent.

Til kontrollutvalet sitt møte 07.02.13 kom det henvending til utvalet om «Varsling av kritikkverdige forhold i barnevernstenesta og sosialtenesta i Samnanger kommune». Etter drøfting av henvendinga gjorde kontrollutvalet m.a. vedtak om å avvente kommunestyre si handsaming av saka. Det var då kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte 12.02.13.

Då kommunestyret valgte å ta saka vidare i regi av kommunestyret, fann kontrollutvalet at det ikkje var råd å arbeida vidare med forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Kommuneadministrasjonen, med særleg fokus på internkontroll». Grunngevinga for avgjerda var både ut frå omsyn til kapasiteten i administrasjonen og faren for at forvaltningsrevisjonsprosjektet skulle «tråkka inn i» det prosjektet som ein såg var i ferd med å bli bestilt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har såleis ikkje gjennomført sine plikter når det gjeld arbeid med forvaltningsrevisjon i 2013. Dette er av dei lovpålagde oppgåvene til kontrollutvalet, men utvalet såg på at i den ekstraordinære situasjonen som har vore i Samnanger kommune i 2013, kunne ikkje arbeid med det aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjektet gjennomførast. Utgiftene til kontroll og revisjon gjekk såleis ned i 2013 på grunn av denne situasjonen.

11 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

Det har tidlegare vore gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt vedr. «Administrative rutinar for iverksetting av politiske vedtak og for rapportering til politiske utval». Kontrollutvalet har følgd opp rapport etter prosjektet med å be om orientering om korleis vedtaksoppfølging i Acos Websak vert nytta i sakshandsaminga. Utvalet blei informert om dette i møte 07.02.13. Kontrollutvalet uttalte etter orienteringa at ein er nøgd med tilbakemeldinga om kva som er gjort. Utvalet har likevel eit ønske om å få ei orientering om innføring og bruk av det nye styrings- og rapporteringssystemet, når det har gått ei tid. Dette vil bli følgd opp vidare.

12 Arbeid med selskapskontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”

Kontrollutvalet har utarbeida plan for selskapskontroll i 2012, og planen vart vedteke i kommunestyret 20.06.12.

Av dei prosjekt som var prioritert i planen var selskapskontroll av «Business Region Bergen AS» (BRB). Det kom invitasjon frå kontrollutvalet i Hordaland Fylkeskommune om å delta i felles regional selskapskontroll av BRB. Kontrollutvalet vedtok å delta i den delen som gjeld forvaltningsrevisjon av selskapet. Det var i alt seks medlemskommunar som deltok i selskapskontrollen av BRB. Selskapskontrollen var gjennomført i løpet av 2013 og rapport vart lagt fram. Kontrollutvalet handsama rapporten i sitt møte 05.12.13 og kommunestyret vedtok innstillinga frå utvalet i møte 18.12.13. Kontrollutvalet vil halda seg orientert om arbeidet i BRB med å følgja opp tilrådingane som er gjort.

13 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2012 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 132.941.831 til fordeling drift
- det var eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2.931.885.
- positivt netto driftsresultat var på kr 6.948.286.
- Netto driftsresultat omrekna i netto resultatgrad vart 3,64 % , sett opp mot sum driftsinntekter

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

”Også for 2012 kan me leggja fram ein rekneskap med eit positivt resultat. Einingane har vist god budsjett disiplin. Sjølv om mange opplever budsjettet som stramt, har dei klart å halda seg godt innan rammene sine. Det er og fleire område som av ulike grunnar løyver midlar. M.a. gjennom innkjøp av nytt styrings- og rapporteringsverktøy – betre styring – vil me fortsette å halde fokus på god budsjettstyring.

Det er i 2012 gjennomført ein del brukarundersøkingar. Dei er presenterte av einingsleiarane i sine meldingar. Samnanger får gjennomgåande gode tilbakemeldingar på tenestene. Andre

undersøkingar / målingar av presentasjonar m.m. viser også at det vert arbeidd godt i organisasjonen.”

Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for kommunen er lagt fram på ein god måte.

14 Skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2012 til handsaming.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune totalt sett for 2012, i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk. Unnataket er manglande arbeidsgjevarkontrollar. Kontrollutvalet har fått orientering om bemannings-situasjonen på skatteoppkrevjarkontoret, og at det i eit tidsrom vil bli kjøpt inn tenester frå Kvam herad til skatteoppkrevjing.

15 Tilsyn frå Fylkesmannen

Når til dømes Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredsstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ein av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med om det er gjennomført tilsyn i Samnanger kommune i 2013. Kontrollutvalet har ikkje fått seg førelagt rapportar etter eventuelle tilsyn.

16 Andre saker / orienteringssakene i kontrollutvalet i 2013:

- o Budsjettframlegg for kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og
- o Budsjettstatus for KUV-budsjett undervegs i året
- o Tertialrapportar for kommunerekneskapen og finansforvaltning
- o Utbyggingsprosjekt og rutinar for prosjektrekneskap
- o Framdrift / status for planar vedr. utbygging av Samnangerheimen
- o Uttale til reglement for kontrollutvalet
- o Etsiske retningslinjer for Samnanger kommune
- o Årsmelding for kontrollutvalet for 2012
- o Orientering om erfaringar med å ta i bruk nytt økonomi- / rekneskapssystem
- o Henvending om interpellasjon til kommunestyret vedr. vurdering av brot på teieplikt
- o Utvalet har og som faste punkt på saklista – meldingar, orienteringssaker og gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Samnanger, 23.04.2013

Jens Harald Abotnes
Leiar i kontrollutvalet

PS 16/14 Meldingar

NOTAT

Til Hordaland Fylkeskommune v/ Ingrid Holm Svendsen og Johan J. Meyer

Fra Advokatfirmaet Thommessen AS v/Trond Hatland og Hilde Ruus

Dato 13. januar 2014

Ansvarlig advokat: Trond Hatland

PRAKTISERING AV HABILITET – RUTINER FOR FYLKESPOLITIKERNE

1 BAKGRUNN

Vi er bedt av Hordaland Fylkeskommune ("**Fylkeskommunen**") om å utarbeide en veiledning for politikerne i Fylkeskommunen i praktisering av habilitetsreglene. Saken har sin bakgrunn i fylkestingsmøte den 13. mars 2013, hvor fylkestinget behandlet rapporten fra den nylig utførte selskapskontrollen i Fylkeskommunen (saksnummer 17/13). Under behandlingen ble det fremmet forslag fra en representant om at det skulle utarbeides et notat om habilitet. Forslaget ble vedtatt som punkt 8, med følgende ordlyd:

"8. Spørsmålet om ugildskap blir tidvis aktualisert både i fylkestinget og i utval og komitéar. Praksis på dette området synest å variere. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med kontrollutvalet om eit notat som kan gi politikerane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap."

På fylkestinget den 11. juni 2013 ble det vedtatt i sak 27/13 at fylkestinget skal komme tilbake til vedtakets punkt 8 (referert over) i en egen sak. På møtet i toppledergruppa den 24. juni 2013 ble Organisasjonsavdelinga gitt ansvaret for å følge opp vedtaket, etter at kontrollutvalet hadde gitt tilbakemelding om at de ikke så det riktig å medvirke.

Nærværende notat kan brukes som veiledning til politikerne, eventuelt som bakgrunn for organisasjonsavdelinga sitt videre arbeid.

2 VURDERING AV HABILITET OG AVGJØRELSE AV HABILITETSSPØRSMÅLET

2.1 Utgangspunktet: Plikt til å medvirke ved behandling av saken

En valgt fylkespolitiker plikter å delta i det aktuelle organets møter og til å avgi stemme dersom et spørsmål tas opp til avstemning. Dette er fastslått i kommuneloven § 40 (1) og (2). Begge bestemmelsene gir unntak i forskjellige situasjoner, eksempelvis er det anledning til å stemme blankt ved valg og ansettelse. Implisitt i stemmeplikten ligger også en plikt til å utføre denne på en forsvarlig måte.

Et unntak fra en fylkespolitikers møteplikt og stemmeplikt er de situasjonene hvor et medlem er inhabilt. Habilitetskrav til fylkespolitikere følger formelt sett av kommuneloven § 40 nr. 3, men bestemmelsen henviser til de generelle habilitetsreglene i forvaltningsloven ("**fvl**") kapittel II. I slike tilfeller har den aktuelle representanten både rett og plikt til å fratre. Utover situasjonen hvor et medlem er inhabilt er det kun anledning til å frita et medlem fra behandlingen av en sak dersom "vektige personlige grunner" tilsier dette, jf. kommuneloven § 40 nr. 4. Bestemmelsen er eksempelvis tenkt brukt i situasjoner der det er oppstått komplisert habilitetsproblematikk, men der representanten selv ønsker å fratre. Dersom det anses personlig belastende kan man da

avgjøre at vedkommende skal fratre, uten å sette habilitetsvurderingen på spissen. I juridisk teori er det anbefalt at bestemmelsen brukes med varsomhet, jf. eksempelvis Bernt m.fl. "Kommunalrett" (Oslo 2002) side 433. Det er ikke anledning til å fratre grunnet rent politiske hensyn, så som hensynet til velgergruppen eller partiet.

Reglene om møteplikt og stemmeplikt er viktig bakgrunn for de vurderingene av habilitet som gjøres av og vedrørende fylkespolitikere. Som valgt representant har man i utgangspunktet plikt til å utøve vervet, og også til å ta standpunkt i kontroversielle saker, saker med stort medietrykk etc. Det vil være en uheldig utvikling dersom terskelen for inhabilitet ble lagt for lav, slik at fylkespolitikere ble unntatt fra å delta i behandlinger i saker der de for så vidt er habile, men hvor de selv ønsker å fratre. De folkevalgte kan som hovedregel kun fratre hvis de er inhabile etter en vurdering av loven: Det er ikke grunnlag for å operere med en "forsiktighetsmargin" slik at man melder seg inhabil "for sikkerhets skyld".

Hovedreglene for hvilke tilfeller en folkevalgt blir inhabil følger av fvl § 6.

2.2 De klare situasjonene – fvl § 6 første ledd og kommuneloven § 40 nr. 3

Bestemmelsens første ledd har klare regler for i hvilke tilfeller den folkevalgte blir inhabil: Der han selv eller nærmere angitte nære slektninger er "part" i saken, eller der han er leder eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i et selskap eller annen sammenslutning som er part i saken. De konkrete reglene fremgår av ordlyden i bestemmelsen, som er vedlagt dette notatet.

I tillegg til reglene i fvl § 6 første ledd gjelder regelen i kommuneloven § 40 nr. 3 for fylkespolitikere. Dette er særregler om valg til offentlige tillitsverv, særregler for folkevalgte som også er ansatt i fylkeskommunen, og spesielle habilitetsregler ved klagebehandling. På samme måte som ved fvl § 6 første ledd er disse reglene uten skjønnsmessige elementer. Det henvises derfor til lovteksten, hvoretter man enkelt kan avgjøre hvilke situasjoner som tilsier inhabilitet.

2.3 Situasjoner som må vurderes konkret – fvl § 6 annet ledd

De krevende habilitetsvurderingene oppstår i praksis når det er forhold som faller utenfor fvl § 6 første ledd og kommuneloven § 40 nr. 3, men hvor det fortsatt foreligger forhold som gjør at man skal eller bør vurdere en politikers habilitet i saken. Dette kommer opp som problemstilling særlig der fylkespolitikere også har verv i selskaper som arbeider på områder som grenser mot Fylkeskommunens aktivitet, eller der en fylkespolitikers nærmeste ikke er "part" i en forvaltningssak, men likevel har en nær forbindelse til et selskap eller lignende som igjen har saker for Fylkeskommunen.

Slike situasjoner må vurderes etter den skjønnsmessige regelen i fvl § 6 annet ledd som lyder:

"Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part." (vår understrekning)

Grunnvilkåret er at det må foreligge "særegne forhold" for inhabilitet. Bestemmelsen gir anvisning på en vurdering av alle slags tilknytning eller interesser i saksutfallet, men markerer samtidig at ikke enhver generell interessetilknytning er tilstrekkelig. Det vil ikke foreligge inhabilitet der avgjørelsen generelt kan føre til fordeler og ulemper for en større og ubestemt krets som også

tjenestemannen (eller politikeren) tilhører, jf. Woxholth "Forvaltningsloven med kommentarer" (2011, heretter "**Woxholth**") side 161.

I vurderingen skal det vektlegges om avgjørelsen i saken kan innebære "særlig fordel, tap eller ulempe" for personen selv eller noen han har nær personlig tilknytning til. Fordelene eller ulempene kan være av forskjellig karakter, både ideelle, økonomiske, prestisjemessige og konkurransemessige forhold mv kan være relevante, jf. Woxholth side 180. Det er viktig at de folkevalgte respekterer lovgivers avgrensning av hvilke forhold som gjør en tjenestemann inhabil etter første ledd. Hvis vilkårene i første ledd ikke er oppfylt, vil man som regel heller ikke være inhabil etter annet ledd. Som generelt forbehold følger det av fvl § 6 tredje ledd at:

"Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete."

Hovedformålet med habilitetsreglene er å sikre materielt riktige avgjørelser som ikke er påvirket av utenforliggende hensyn, og samtidig opprettholdelse av borgernes tillit til forvaltningens avgjørelser. Det siste momentet kan medføre at en tjenestemann eller politiker anses inhabil selv om det ikke er grunn til å tvile på hans upartiskhet.

Svært forskjellige forhold vil rammes av regelen i fvl § 6 annet ledd. Både de særlig nære vennskap eller uvennskap, og også egne eller nærstående direkte eller indirekte interesser i et saksforhold. I mange tilfeller må det foretas en vurdering hvor det må vurderes hvor nær tilknytning politikeren har til det forhold som gir den mulige inhabilitetsgrunnen, eller hvor sterke direkte eller indirekte interesser fylkespolitikeren selv, eller noen som står ham nær, har i saken.

Som eksempel kan vi nevne vurderingen vi leverte til Fylkeskommunen 12. februar 2013. Utredningen var foranlediget av at vegdirektoratet på oppdrag fra Samferdselsdepartementet hadde utarbeidet en rapport hvor de anbefalte at de eksisterende bompengeselskapene ble nedlagt og erstattet med fylkeskommunale eller regionale bompengeselskap. Det skulle i denne forbindelse utarbeides høringsuttalelse. Spørsmålet var om folkevalgte som også var styremedlemmer i lokale bompengeselskaper (som risikerte nedlegging) var inhabile til å delta i behandlingen av slik høringsuttalelse. Vi konkluderte med at representanter i fylkeskommunale folkevalgte organer ville være inhabile ved behandlingen av høringsuttalelsen, dersom den folkevalgte samtidig har ansettelsesforhold eller tillitsverv i offentlig eide, lokale bompengeselskap. I dette tilfellet måtte det foretas en vurdering av om de folkevalgte og de lokale bompengeselskapene hadde tilstrekkelig stor indirekte interesse i å beholde den etablerte strukturen med lokale bompengeselskaper, til at de folkevalgte var inhabile.

Erfaringsmessig oppstår det særlig kompliserte situasjoner i de tilfellene der en fylkespolitiker selv, eller en person han eller hun har nær tilknytning til, er involvert i et saksfelt på mer generell basis. Eksempelvis som styremedlem, gjennom sin arbeidsgiver eller i ulike tillitsverv. Man får da spørsmålet om vedkommende fylkespolitiker er inhabil i en sakstype, eller alle typer saker som mer eller mindre indirekte gjelder hans eller hennes felt. Vanligvis vil man i slike tilfeller måtte foreta en vurdering av både fylkespolitikeren tilknytning til det aktuelle rettssubjektet som har særinteresser, og man vil måtte vurdere styrken av rettssubjektets interesser i en konkret sak

Et eksempel er vår vurdering av 10. desember 2012 av i hvilke situasjoner Fylkesordfører Tom-Charter Nilsen ville være inhabil til å behandle saker hvor kraftselskapet BKK, Helse Vest eller Askøyveiene AS var involvert eller hadde interesser på den ene eller andre måten. Nilsens far, Oddvard Nilsen, var styreleder i de tre nevnte selskapene. Vi pekte for det første på at det ikke var

Oddvard Nilsen selv, men selskaper hvor han var styreleder, som eventuelt var part i forvaltningssaker. Det intrådte derfor ikke automatisk habilitet etter fvl § 6 første ledd, og vurderingen måtte gjøres etter fvl § 6 annet ledd. Vi konkluderte deretter med at vurderingen ville avhenge av hvor direkte den enkelte sak gjaldt de selskapene der Oddvard Nilsen var styreleder. Dersom BKK, Helse Vest eller Askøyveiene AS var "part" i saken ville fylkesordføreren vanligvis være inhabil, mens han ikke ville være inhabil i situasjoner der selskapene hadde en mer avledet eller indirekte interesse. Her ble det avgjørende hvor involvert de aktuelle selskapene var i en konkret sak. Oddvard Nilsen hadde som styreleder nær tilknytning til selskapene, mens Tom-Charister Nilsen hadde nær tilknytning til ham gjennom slektskapet.

Disse konkrete eksemplene illustrerer situasjoner hvor habilitetsvurderinger har budt på relativt krevende grensedragninger, og hvor vi også har bistått som Fylkeskommunens advokatforbindelse.

2.4 Lovregler om saksbehandlingen

For det tilfelle at det oppstår spørsmål om habilitet for et medlem av fylkestinget eller andre politiske organer, er prosessen for vurdering av habilitet regulert av fvl § 8 annet og tredje ledd:

"I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad."

De sentrale elementene i regelen er at det kollegiale organet selv skal avgjøre spørsmålet, uten at vedkommende representant deltar. Tredje ledd fokuserer på hvordan dette skal håndteres i forkant, slik at man oppnår en mest mulig smidig håndtering av saken. I denne forbindelse kan det også vises til prinsippet i domstolloven § 111, hvoretter en som har innsigelser mot en dommer skal fremkomme med disse så raskt som mulig etter at han får kunnskap om forholdene. Prinsippet har overføringsverdi til forvaltningsretten; Det ryddigste er at den som har inhabilitetsinnsigelse fremkommer med denne tidlig, i stedet for å avvente utfallet av saken eller lignende. Etter realitetsbehandling mener vi at muligheten til å fremme innsigelse som hovedregel er tapt.

3 PRAKTISK HÅNDTERING AV SITUASJONER DER HABILITETSSPØRSMÅL OPPSTÅR

Basert på gjennomgangen av rettskildene i punkt 2 over anbefaler vi følgende retningslinjer for praktisering av habilitetsreglene:

1 Før møtet i det kollegiale organet

- a) Når den enkelte folkevalgte mottar saksdokumenter skal han eller hun gå gjennom disse ved første anledning for å avgjøre om det skal behandles en sak hvor vedkommende er eller kan være inhabil.
- b) Den enkelte folkevalgte gir beskjed til leder av det kollegiale organet så snart som mulig dersom vedkommende antar at han eller hun er eller kan være inhabil til å delta i behandlingen av en sak.

- c) Administrasjonen gir så snart som mulig beskjed til vedkommendes vararepresentant hvis man finner dette hensiktsmessig, og besørger innhentet juridisk betenkning dersom habilitetsspørsmålet fremstår som tvilsomt.

2 Vurdering av spørsmålet om vedkommende er inhabil

- a) Dersom det oppstår et spørsmål om habilitet skal den folkevalgte alltid gi det kollegiale organet fullstendig informasjon, eventuelt for lukkede dører hvis det er grunnlag for det. Det er uheldig omdømmemessig hvis det, etter at vedkommende er vurdert som habil, kommer frem faktorer som tilsier at vedkommende likevel var inhabil. Det samme gjelder dersom vurderingen gjøres i forkant av møtet, eventuelt med ekstern juridisk bistand.
- b) Den folkevalgte vil som den alt overveiende hovedregel alltid være inhabil når det foreligger slik personlig tilknytning som det følger av fvl § 6 første ledd. Fvl § 6 tredje ledd skal kun benyttes i helt avgrensede tilfeller.
- c) Ved spørsmål om inhabilitet etter fvl § 6 annet ledd skal det foretas en konkret vurdering, eventuelt ved hjelp av innhentet juridisk vurdering.
- d) Det enkelte organ skal foreta vurderingen basert på hva som er rettslig holdbart, og ikke erklære en folkevalgt inhabil dersom det ikke er grunnlag for det. En slik praksis kan frata beslutningsorganer viktig kompetanse.

3 Behandlingen i møtet i det kollegiale organet

- a) I møtet er den eventuelt inhabile representanten til stede frem til man kommer til den aktuelle saken. Når man kommer til den aktuelle saken skal inhabilitetsspørsmålet behandles først.
- Dersom det er innsigelser mot habiliteten til en representant skal disse fremkomme så tidlig som mulig og før saken realitetsbehandles.
 - I de klare tilfeller av inhabilitet fratrer vedkommende, før det voteres over spørsmålet om habilitet.
 - I de mer tvilsomme tilfeller får representanten som habilitetsvurderingen gjelder først anledning til å gjøre rede for bakgrunnen for at spørsmålet er reist, og uttale seg om sin mening. Representanten fratrer deretter ved behandlingen av spørsmålet og ved voteringen.
 - Dersom konklusjonen er at vedkommende er inhabil skal han eller hun forlate sin plass i lokalet. Dersom møtet holdes for åpne dører kan vedkommende ta plass som tilhører. Holdes møtet for lukkede dører må vedkommende forlate lokalet.
 - I en del tilfeller kan det være hensiktsmessig at den aktuelle representanten går fysisk ut av lokalet mens saken behandles.
- b) Dersom det er flere som kan være inhabile i samme sak skal alle fratse ved behandlingen av alle habilitetsspørsmålene. Unntaket er når organet ikke vil være vedtaksført dersom disse fratrer. I et slikt tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

- c) Avgjørelsen av inhabilitetsspørsmålet er ikke et enkeltvedtak, og kan ikke påklages særskilt. Dersom et mindretall er uenig i avgjørelsen kan man eventuelt klage over senere avgjørelse i saken med inhabilitetsinnsigelsen som begrunnelse, dersom det er klagerett på denne beslutningen.

Selskapskontroll BRB - status pr februar 2014

Anbefalte tiltak

1. Ferdigstille fullmaktstruktur og styreinstruks
2. Sikre at samarbeidsavtaler avklarer roller og forventninger mellom partene
3. Tydeliggjøre ansvarlinjer mellom tiltakseier, eierkommuner og andre samarbeidsaktører i samsvar med lov om offentlige anskaffelser
4. Utarbeide skriftlige rutiner for innkjøp og kontraktsoppfølging
5. Etablere system for å registrere og følge opp avvik ift størrelse og risiko for virksomheten
6. Innføre styrevervs registrering, årlig egenevaluering av styret, plan for kompetanseutvikling
7. Utarbeide skriftlige rutiner for budsjettering, oppfølging og rapportering
8. Etablere system og rutiner for prosjektstyring og oppfølging
9. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleide ressurser
10. Vurdere behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eiere ang ressursbruk
11. Lage plan for iverksetting av anbefalte tiltak inne 01.03.2014

Gjennomførte tiltak

- Det vil bli utarbeidet følgende dokumentasjon for BRB
 - Gjennomføringsplan for tiltakene
 - Ivareta pt. 11
 - Ferdig laget og vil bli oversendt HFK innen utgangen av februar 2014
 - Styrehåndbok
 - Ivaretar pkt. 1 og 6
 - Ny fullmaktstruktur vedtatt 16.12 2013. Styrehåndbok/styreinstruks legges frem for BRB sitt styre 11.mars 2014
 - Økonomihåndbok
 - Ivaretar pkt. 2-5, 7, 9 og 10
 - Påbegynt og gjennomføres i løpet av 1. halvår 2014
 - Prosjekthåndbok
 - Ivaretar pkt 8
 - Metode og verktøy er på plass og innen 1.kvartal 2014 vil rutinebeskrivelse være ferdig

Gjennomføringsplan - Økonomihåndbok

Oppgaver / Aktiviteter	Ansvar	Januar 2014					Februar 2014					Mars 2014					April 2014					Mai 2014				
		uke 1	uke 2	uke 3	uke 4	uke 5	uke 6	uke 7	uke 8	uke 9	uke 10	uke 11	uke 12	uke 13	uke 14	uke 15	uke 16	uke 17	uke 18	uke 19	uke 20	uke 21	uke 22			
		m	t	o	t	f	m	t	o	t	f	m	t	o	t	f	m	t	o	t	f	m	t	o	t	f
Økonomihåndbok																										
2 Sikre samarbeidsavtaler	KO																									
Rutine for oppfølging av samarbeidsavtaler	KO																									
Lage og standardisere innhold i samarbeidsavtaler	VT / KO																									
Reforhandle avtale NVO'er	OH / KO																									
Reforhandle avtale Eierkommuner	OH / VT																									
3 LOA - Tydeliggjøre ansvarslinjer	KO																									
Rutinebeskrivelse - Hva																										
Metodebeskrivelse - Hvordan																										
Lage verktøy																										
4 Innkjøp og kontraktsoppfølging	KO																									
Rutinebeskrivelse - Hva																										
Metodebeskrivelse - Hvordan																										
Fulmaktmatrise																										
Lage verktøy																										
5 Registrere og følge opp avvik ift størrelse og risk - RISK analyse(?)	KO																									
Identifisert risikoer																										
Risikoer identifisert																										
Risikoer behandles i styret																										
Gjennomføre risikoanalyser																										
Risikoanalyser ferdig																										
Risikoanalyser behandlet i styret																										
Rutinebeskrivelse - Hva																										
Metodebeskrivelse - Hvordan																										
Lage verktøy																										
7 Budsjettering, oppfølging rapportering	KO																									
Rutinebeskrivelse - Hva																										
Behandlet i styret																										
Metodebeskrivelse - Hvordan																										
Lage verktøy																										
9 Utarbeide retningslinjer for bruk av innleide ressurser	KO / OH																									
Rutinebeskrivelse - Hva																										
Metodebeskrivelse - Hvordan																										
Lage verktøy																										
10 Vurdere rapportering til alle eiere ang. ressursbruk	OH																									
Se pkt 9. samme til eiere																										

Gjennomføringsplan - Prosjekthåndbok

Oppgaver / Aktiviteter	Ansvar	Januar 2014					Februar 2014														
		uke 1		uke 2		uke 3	uke 4		uke 5	uke 6		uke 7		uke 8		uke 9					
		m	t	o	t	f	m	t	o	t	f	m	t	o	t	f	m	t	o	t	f
Prosjektstyring																					
8 Etabl system og rutiner for prosjektstyring og oppfølging																					
Rutinebeskrivelse - Hva	KO																				
Metodebeskrivelse - Hvordan																					
Lage verktøy																					

Rekneskap KUV-budsjett og revisjon pr. 10.04.14

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett
12700	Konsulenttenester	1200	1100	Revisjon	0,00	165 000	165 000
14290	Betalt mva - kompensasjon	1200	1100	Revisjon	18 000,00	38 760	38 760
17290	Momsrefusjon drift	1200	1100	Revisjon	-18 000,00	-38 760	-38 760
			1100	Revisjon	0,00	165 000	165 000
10802	Tapt arbeidsforteneste	1200	1101	Kontrollutval	0,00	10 000	10 000
10803	Møtegodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	0,00	28 000	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	1200	1101	Kontrollutval	0,00	5 400	5 400
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	Kontrollutval	400,00	500	500
11150	Matvarer	1200	1101	Kontrollutval	0,00	1 500	1 500
11501	Kurs/ opplæring	1200	1101	Kontrollutval	13 568,52	15 000	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	0,00	5 000	5 000
11950	Kontingentar	1200	1101	Kontrollutval	0,00	1 300	1 300
12700	Konsulenttenester	1200	1101	Kontrollutval	20 641,00	165 201	165 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1200	1101	Kontrollutval	0,00	99 000	99 000
14290	Betalt mva - kompensasjon	1200	1101	Kontrollutval	5 761,73	89 640	89 640
17290	Momsrefusjon drift	1200	1101	Kontrollutval	-5 761,73	-89 640	-89 640
			1101	Kontrollutval	34 609,52	330 901	330 901
					34 609,52	495 901	495 901



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2014/232-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	17/14	23.04.2014

Gjennomgang av møteprotokollar

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 05.03.14 (gjennomgått på siste KUV-møte)
- Formannskapet 12.02.14 (gjennomgått på siste KUV-møte)
- Utval for oppvekst og omsorg 08.04.14.
- Naturutvalet 09.04.14.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 18/14 Eventuelt